

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 302/2019****2020/EØS/14/30****av 13. desember 2019****om endring av vedlegg V (Fri rørsle for arbeidstakarar) og protokoll 31 (om samarbeid på særlege område utanfor dei fire fridommene) til EØS-avtala**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 86 og 98,

og ut frå desse synsmåtene:

- 1) Europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2016/589 av 13. april 2016 om eit europeisk nettverk for arbeidsformidlingar (EURES), tilgang til mobilitetstenester for arbeidstakarar og ytterlegare integrasjon av arbeidsmarknadene, og om endring av forordning (EU) nr. 492/2011 og (EU) nr. 1296/2013⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Kommisjonens gjennomføringsavgjerd (EU) 2016/716 av 11. mai 2016 om oppheving av gjennomføringsavgjerd 2012/733/EU om gjennomføring av europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 492/2011 med omsyn til arbeidsformidling og vidareføring av EURES⁽²⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 3) Kommisjonens gjennomføringsavgjerd (EU) 2017/1255 av 11. juli 2017 om ein mal som gjer greie for dei nasjonale systema og framgangsmåtene for godkjenning av organisasjonar som EURES-medlemmer og -partnarar⁽³⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 4) Kommisjonens gjennomføringsavgjerd (EU) 2017/1256 av 11. juli 2017 om malar og framgangsmåtar for utveksling av opplysningar på unionsplan om dei nasjonale arbeidsprogramma til EURES-nettverket⁽⁴⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 5) Kommisjonens gjennomføringsavgjerd (EU) 2017/1257 av 11. juli 2017 om dei tekniske standardane og formata som er naudsynte for å innføre eit einsarta system som gjer det mogleg å kople ledige stillingar saman med jobbsøknader og CV-ar på EURES-portalen⁽⁵⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 6) Kommisjonens gjennomføringsavgjerd (EU) 2018/170 av 2. februar 2018 om einsarta detaljerte spesifikasjonar for datainnsamling og -analyse med sikte på overvaking og vurdering av verkemåten til EURES-nettverket⁽⁶⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 7) Kommisjonens gjennomføringsavgjerd (EU) 2018/1020 av 18. juli 2018 om vedtaking og ajourføring av lista over ferdigheiter, kompetansar og yrke i den europeiske klassifiseringa til bruk ved automatisert matching gjennom den felles IT-plattform for EURES⁽⁷⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 8) Kommisjonens gjennomføringsavgjerd (EU) 2018/1021 av 18. juli 2018 om vedtaking av dei tekniske standardane og formata som er naudsynte for å gjennomføre automatisert matching gjennom den felles IT-plattform, ved bruk av den europeiske klassifiseringa og samverknaden mellom nasjonale system og den europeiske klassifiseringa⁽⁸⁾ skal takast inn i EØS-avtala.

⁽¹⁾ TEU L 107 av 22.4.2016, s. 1.

⁽²⁾ TEU L 125 av 13.5.2016, s. 24.

⁽³⁾ TEU L 179 av 12.7.2017, s. 18.

⁽⁴⁾ TEU L 179 av 12.7.2017, s. 24.

⁽⁵⁾ TEU L 179 av 12.7.2017, s. 32.

⁽⁶⁾ TEU L 31 av 3.2.2018, s. 104.

⁽⁷⁾ TEU L 183 av 19.7.2018, s. 17.

⁽⁸⁾ TEU L 183 av 19.7.2018, s. 20.

- 9) Gjennomføringsavgjerd (EU) 2016/716 opphevar Kommisjonenens gjennomføringsavgjerd 2012/733/EU⁽⁹⁾, som er teken inn i EØS-avtala og difor skal opphevast i EØS-avtala.
- 10) Vedlegg V og protokoll 31 til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg V til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I nr. 2 (europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 492/2011) vert følgjande lagt til:

”, endret ved:

- **32016 R 0589**: Europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2016/589 av 13. april 2016 (EUT L 107 av 22.4.2016, s. 1).”

2. Etter nr. 8 (europaparlaments- og rådsdirektiv 2014/54/EU) skal nye nr. 9–9f lyde:

- ”9. **32016 R 0589**: Europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2016/589 av 13. april 2016 om eit europeisk nettverk for arbeidsformidlingar (EURES), tilgang til mobilitetstenester for arbeidstakarar og ytterlegare integrasjon av arbeidsmarknadene, og om endring av forordning (EU) nr. 492/2011 og (EU) nr. 1296/2013 (EUT L 107 av 22.4.2016, s. 1).

For føremåla med denne avtala skal føresegnene i forordninga lesast med følgjande tilpassingar:

- a) Orda ’artikkel 45 i TVEU’ vert bytte ut med orda ’artikkel 28 i EØS-avtala’.
- b) Ordet ’unionsborgarane’ vert bytt ut med orda ’borgarar frå EU-medlemsstatane og EFTA-statane’.
- c) I artikkel 6:
- i) tilvisingar til artikkel 3 i traktaten om Den europeiske unionen og til artikkel 145 i traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen skal ikkje gjelde.
- ii) i bokstav d) vert orda ’i samsvar med unionsretten’ bytte ut med orda ’i samsvar med gjeldande regelverk i medhald av EØS-avtala’.
- d) I artikkel 9 nr. 4 bokstav c) vert orda ’EU-reglar og -ordningar’ bytte ut med orda ’gjeldande reglar og ordningar i medhald av EØS-avtala’.
- e) I artikkel 34 vert ordet ’unionsretten’ bytt ut med orda ’gjeldande regelverk i medhald av EØS-avtala’.
- 9a. **32017 D 1255**: Kommisjonenens gjennomføringsavgjerd (EU) 2017/1255 av 11. juli 2017 om ein mal som gjer greie for dei nasjonale systema og framgangsmåtane for godkjenning av organisasjonar som EURES-medlemmer og -partnarar (EUT L 179 av 12.7.2017, s. 18).
- 9b. **32017 D 1256**: Kommisjonenens gjennomføringsavgjerd (EU) 2017/1256 av 11. juli 2017 om malar og framgangsmåtar for utveksling av opplysningar på unionsplan om dei nasjonale arbeidsprogramma til EURES-nettverket (EUT L 179 av 12.7.2017, s. 24).
- 9c. **32017 D 1257**: Kommisjonenens gjennomføringsavgjerd (EU) 2017/1257 av 11. juli 2017 om dei tekniske standardane og formata som er naudsynte for å innføre eit einsarta system som gjer det mogleg å kople ledige stillingar saman med jobbsøknader og CV-ar på EURES-portalen (EUT L 179 av 12.7.2017, s. 32).

⁽⁹⁾ TEU L 328 av 28.11.2012, s. 21.

- 9d. **32018 D 0170:** Kommisjonens gjennomføringsavgjerd (EU) 2018/170 av 2. februar 2018 om einsarta detaljerte spesifikasjonar for datainnsamling og -analyse med sikte på overvaking og vurdering av verkemåten til EURES-nettverket (EUT L 31 av 3.2.2018, s. 104).
- 9e. **32018 D 1020:** Kommisjonens gjennomføringsavgjerd (EU) 2018/1020 av 18. juli 2018 om vedtaking og ajourføring av lista over ferdigheiter, kompetansar og yrke i den europeiske klassifiseringa til bruk ved automatisert matching gjennom den felles IT-plattformen for EURES (EUT L 183 av 19.7.2018, s. 17).
- 9f. **32018 D 1021:** Kommisjonens gjennomføringsavgjerd (EU) 2018/1021 av 18. juli 2018 om vedtaking av dei tekniske standardane og formata som er naudsynte for å gjennomføre automatisert matching gjennom den felles IT-plattformen, ved bruk av den europeiske klassifiseringa og samverknaden mellom nasjonale system og den europeiske klassifiseringa (EUT L 183 av 19.7.2018, s. 20).”

3. Teksta i nr. 2a (Kommisjonens gjennomføringsavgjerd 2012/733/EU) utgår.

Artikkel 2

I EØS-avtala protokoll 31 artikkel 15 nr. 8 tredje strekpunktet første leddet (europaparlamentets- og rådsforordning (EU) nr. 1296/2013) vert følgjande lagt til:

”, endret ved:

- **32016 R 0589:** Europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2016/589 av 13. april 2016 (EUT L 107 av 22.4.2016, s. 1).”

Artikkel 3

Teksta til forordning (EU) 2016/589 og gjennomføringsavgjerd (EU) 2017/1255, (EU) 2017/1256, (EU) 2017/1257, (EU) 2018/170, (EU) 2018/1020 og (EU) 2018/1021 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 4

Denne avgjerda tek til å gjelde 14. desember 2019, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn^(*).

Artikkel 5

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel, 13. desember 2019.

For EØS-komiteen

Gunnar Pálsson

Formann

(*) Forfatningsrettslege krav oppgjevne.